

## SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Trond Roy Pedersen  
Arkivsaksnr.: 16/1366 - 18

Arkiv: A20 &14

### Planlagt behandling:

Hovudutval for skule og barnehage 20.02.2018  
Kommunestyret 09.04.2018

## KVALITET OG UTVIKLING I JÆRSKULEN 2017 - TILSTANDSRAPPORT

### Bakgrunn for saka:

Det er fastsett i Opplæringslova § 13 at skuleeigar pliktar å utarbeida ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. Dette er fjerde året kommunane i Jærskulen lagar ein samla rapport.

Hovudutvala i dei 4 Jærskulekommunane hadde eit felles møte 07.02.14. Der kom det fram eit klart ønske om eit årleg fellesmøte om Jærskulesamarbeidet. Dette er ein del av koplinga mellom Jærskulen og politisk nivå.

Tilstandsrapporten har tittelen *Kvalitet og utvikling i Jærskulen 2017*.

### Om tilstandsrapporten

Det viktigaste grunnlaget for Jærskulen er samhandling og læring for forbetring av elevane sitt læringsutbytte.

For å vita korleis utviklinga av læringsutbytte har vore, blir nasjonale prøver, eksamen, grunnskulepoeng og gjennomføring av vidaregåande skule lagt til grunn.

Rapporten gir eit bilete av stoda for kommunane og Jærskulen. Det er eit føremål å gje eit grunnlag for analyse og vurdering som stimulerer til kontinuerleg forbetring. Ein ønsker at denne analysen skal vera til hjelp for politikarar, tilsette, elevråd og foreldre. Læring for utvikling er grunntenkinga i føremålet med rapporten.

Hausten 2016 vart det gjennomført ein felles midtvegsevaluering av Jærskulen i alle kommunestyra. Evalueringa konkluderte med at det er etablert betre forutsetningar for skuleutvikling og profesjonsutvikling i kommunane. Hovudutfordringa for 2017 og framover ligg i lita grad i å utvida og iverksetta mange nye tiltak, men heller å få ut potensialet i dei etablerte satsingane.

Tilstandsrapporten syner kvalitet og utvikling på skuleområdet i våre kommunar. I rapporten kjem det fram styrkar og utfordringar, likskap og ulikskap. Denne kunnskapen vil gjennom gode prosessar gi læring og inspirasjon i arbeidet med å skapa ein endå betre skule.

Fellesmøtet finn stad 20.02.18 på Vitengarden, Jærmuseet i Hå kommune. I første delen av møtet blir det sett søkelys på næring og læring i utvikling og endring. Deretter blir det 8 praksisforteljingar frå skular i Jærskulen med fokus på læringsteknologi. I siste delen av samlinga har dei fire hovudutvala kvar sine møte på Vitengarden, der tilstandsrapporten blir behandla politisk for kvar kommune. Saka går så vidare til behandling i dei fire kommunestyra.

### Vedlegg:

- Tilstandsrapporten for 2017: Kvalitet og utvikling i Jærskulen.

**Innstilling:**

Rådmannen foreslår at saka går til hovudutval for skule og barnehage og kommunestyret med slik tilråding:

Tilstandsrapporten: *Kvalitet og utvikling i Jærskulen 2017* blir godkjent. Rapporten legg eit godt grunnlag for vidare utvikling av Jærskulane.

Rådmannen i Klepp 06.02.2018

*Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.*